

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kyrkjebø herad

Emne:

*Bryne*

Bygdelag: Kyrkjebø og Heile grenda

Oppskr. av: Anders H. Berge f.h.v.  
ordfører i Kyrkjebø og bonde.  
(adresse): Nordeide i Sogn.

Gard: Bergegrenda

G.nr. 55-5657 Br.nr. 1-2-3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både eiga og frå fedrane mine.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Sp. 1

SVAR

Over heile heradet er brukt ordet "Bryne".

Sp. 2. I dei seinare år frå 1930 er brukt berre bryne av

Kunstein. <sup>er</sup> Naturstein er lite å få, og den som er

få hjå hendelsmenneske er hard å lite t ess med.

Frå 1860- 1930 var brukt naturstein. Ymse av dei

bryna var gode -pasande blaute- og ljå, økser og

kniver vart godt bet i, men sidan kunststein kom

kjøpte ein serlig disse. Det er framifrå gode

bryne til å kvessa slåmaskinknivar med.

I bygda her var lite å finna av brynestein og fann

ein nokre var dei vanlig forharde å lite brukande.

Telemarksbryne var i bruk her og av og til skif-

ferbryne som eg trur kom ifrå Voss.

Frå dei elste tidor og til idag er det handelsstan-

den som har omsett bryna.

Sp. 3. Alle reidskap kvessast først på slipesteinen og

Etterpå fin kvessast med bryne. Stutturv, langorv,

økser, høvelstenner og alle sorter kniver vert som

som før nemnt kvest på slipesteinen først og bryne

sist. Når ikkje slåmaskinkniverne er altfor slitne

kan disse kvessast berre med bryne.

Barberblad sløper ein på slipesteinen og bruker

etter "Hein". til finkvessing



Sp. 4.

Ja, fleire noverande menneske kan fortelja om tynsleljåen. Min bestefar født i 1811 og død 1871 var ein uvanlig dugande smed. Han tynsla ljå og økser for heile grenda her. Sigd var sameleis med. Kniver og sneler vart og tynsla på same måten.

Skikken om å slipa på slipestein kom til heradet her omlag 1830. Min bestefar laga akslinger til slipesteinene og laga sveiv til å snu steinerne med. Den vesle ambolten han bruka var laga ei reifa på omboltplata -slik at ljåen låg støtt, når han tynsla betjarna.

Sp. 5.

Ja på dei fleiste gardar var ei såkalla brynehelle som dei kveiste øksar og kniver på. Eg har sjølv vore med på eit slikt arbeid opp på fjellsætrane, der me hadde gløymt å teke bryne med. Dei hadde brynehelle på stølen til dette bruk.

Dei hadde og mindre brynesteiner med namnet "Sendestein". Høvelstenner vart kveste på "Sendesteinen". Helst fagsnikkarar men og andre nevenyttige mannfolk brukte disse. Den lette "Sendesteinen" tok dei ofte med seg ut i teigerne så dei slapp å gå heimatt. Denne skikken har vore brukt i bygderne her i fleire hundrad år og gamle merke etter årstal på "Sendesteinerne" syner at vore fedre ~~xxxxxxxx~~ ~~xxx~~ har vore langt framme i snikkar og smedyrke.

Sp. 6.

I den tid tynsleljåen var brukt vart tynslinga som vanlig gjort ein gong på dagen, men dei meir varsame sláttekarane kunde gå fleire dagar før dei kveste.

Sp. 7.

Det er fortalt at i eldre tidor brukte dei trestikker av eik med "al". Denne var sverande hard, og eg vil tru at dei godt kunde brukast, men i heile det 1800



3  
talet var steinbrynet det som vanlig var brukt.

Sp. 8.

Stutturven vart sidan slipesteinen kom under sli-  
pinga alltid fast i orvet. Langljåen er festa til orvet  
med ei lærreim eller jærnklypa og vert teken av under sli-  
pinga. I ældre tider var ljåen festa til orvet under sli-  
pinga. Eggen holdes mot seg .

Sp. 9. I langorvet er påsett ein kvass jærnpigg som vert  
fest i jorden under bryninga. Stutturven under bryninga  
ga vert fest i bukselomma eller millen føtterne .

Sp. 10.

"Brynestrukka" er namnet her og har vore det frå  
dei ælste tidor. I den ældre tid var "strukka" av ein  
utgraven trestokk med innsett trebotn. "Strukka" var om-  
lag 30 sm. høg. Sidan 1860 vart "strukka" laga av sink  
eller blekk-dei siste år av aluminium.

Sp. 11.

Nei.

Sp. 12.

På tre "strukka" var innfelt ein Jærnkrok og på  
sink, blekk eller aluminium vart lodda fast ein massing-  
krøk og vert fest i bukseliningen bak.

Sp. 13.

I grenda her har alltid vore brukt vatn til bryne-  
vete.

Sp. 14.

I dei ældre tidor brukte dei brynekvat til sko-  
sverte .Både overlær og solerne på sidorne vart sverta  
slik og den er også idag i bruk når ein ikkje har vanlig  
skosverte. Brynekvat, heinor, heinsvarta er godt kjende  
namn i grendorne her.

Sp. 15.

Det kjenner me ikkje til her.



Sp. 16.

I eldre tidor skal det vere brukt saman med gust frå  
frå smieavlen. I smieavlen varma dei opp vatn i ei gryta  
og brukte blåsebølggen til å blåsa kålstøv frå avlen opp  
i gryta saman med brynekvatet . Dette skulde vera helse-  
bringande mot hald eller styng.

Sp. 17.

Nei, men me har høyrte at brynesteinen skulde leg-  
gast ned i eldmyrgja i smieavlen og varmast godt opp, då  
skulde brynet verta blautare.

Sp.18.

Nei, men det har vore mykje brukt i eldre tid å syngje  
syngje når dei brynte ljåen eller øksa. ~~Øksa~~ Det var  
var serlig kvinfolka som song ymse ungdomsviser . I vår  
tid har dette ikkje vore brukt.

Sp.19.

Det er fortalt at i den eldre tid brukte dei my-  
kje ordet "Tvi" med det same dei sputta på brynet, når  
dei lagde brynet til ljåegga. Ordet "Tvi" var og brukt i ei  
i ei onnor meining som hødingsord som t.d. "Tvi" deg din  
galning. Om dette ord var brukt som hødingsord i samband  
med brynet kan eg ikkje påstå, men utenkjande er det ikkje  
at eit kleint bryne fekk ei utsegn som denne.

Sp. 20.

Sjå spursmål 18.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

197